



Møteprotokoll

Utval:	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Rådhuset
Dato:	16.12.2025
Tid:	Kl. 10:00 - 13:00

Følgjande medlem møtte	Parti
Kirsten Signy Havnen	
Maja Vedvik	
Frank Midtbø	AP
Evy Merete Myklebust	V

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Ivar Qvale Hauge		Ingebjørg Langeland Myklebust	

Merknad:
Møte vert avslutta med juletallerken på Bremanger fjordhotell.

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
023/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/25	Godkjenning av møteprotokoll
025/25	Orienteringssaker
026/25	Referatsaker
027/25	Drøftingssak
028/25	Gjennomgang av saklista til Kommunestyret
029/25	Gjennomgang av pågående saker

023/25: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 16.12.25 vert godkjende slik dei ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.12.2025:

Handsaming:

RMNF- 023/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 16.12.25 vert godkjende slik dei låg føre.

024/25: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 21.10.25 vart godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.12.2025:

Handsaming:

RMNF- 024/25 Vedtak:

Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 21.10.25 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

025/25: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.12.2025:

Handsaming:

Anne Karin Svarstad orienterer om velferdsteknologi

Anne Karin gjekk igjennom dei ulike typane velferdsteknologi vi nyttar i Bremanger kommune, og korleis det fungerer.

Snakkar om kva kriteriar som må oppfyllest for å få dei forskjellige, og kva fordelar det kan ha.

Gode diskusjonar kring fordelar og ulemper.

Bremanger kommune har hatt tilsyn på medisindispensere, fekk ingen merknad.

Det er viktig for rådet at det alltid er individuell kartlegging, medvirkning i sakene- involvering av alle parter, raskt å sette opp og raskt å ta ned - dersom det ikkje fungerer, og dersom det er kamera i heimane er det viktig for brukar å kunne sjå kor tid kameraet er aktivt.

Anne Karin kjem tilbake på eit seinare møte for å vise teknologi, eksempelvis ei nattugle eller ein medisindispenser.

Orientering frå leiar

Ingen orientering frå leiar.

RMNF- 025/25 Vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

026/25: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.12.2025:

Handsaming:

RMNF- 026/25 Vedtak:

Reratsaker vert tekne til vitande.

027/25: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Drøftingssaker vert tekne til vitande.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.12.2025:

Handsaming:

Svelgen oppvekst

Det er kome telefon frå tilitsvald på Svelgen oppvekst.

Dei er bekymra for at nedskalleringa det snakkast om av oppgraderinga på Svelge oppvekst, det tek ikkje hensyn til tilsette med nedsett funksjonsevne, eller framtidig nedsett funksjonsevne.

Det vert oppfatta som at ein ansatt med funksjonsnedsettelse ikkje vil kunne arbeide der lenger. Dette vil vere verre for tilsette enn elevar, då dei gjerne har fleire klasserom å forholde seg til løpet av ein dag.

Det er viktig at det er fokus på universell utforming, og at det er gjort godt nok anten det vert

nedskalert versjon eller full versjon av Svelgen oppvekst.
Rådet ønsker å spele inn sak til saka som er i kommunestyret.

RMNF- 027/25 Vedtak:
Drøftingssaker vert tekne til vitande.

028/25: Gjennomgang av saklista til Kommunestyret

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.12.2025:

Handsaming:

Budsjettsak 052/25

Rådet ønsker å sende inn dette innspelet til Kommunestyret:

Svelgen oppvekst er ikkje universelt utforma slik det er no. Dersom det skjer ei ulykke, og ein elev eller tilsett treng rullestol, så vil dei ikkje kunne bruke skulen.

Det nedskalerte forslaget vil ikkje vere godt nok universelt utforma som eit totalt bygg.

Dersom vi ikkje får opp eit totalt bygg som er godt nok, er det viktig at møblering vesentleg post som må på budsjettet, slik at ein får tilrettelagt for alle grupper.

God møblering vil og gjere noko med innkludering, slik at dei som treng tilrettelegging kan få det i klasserommet i staden for på eige grupperom.

RMNF- 028/25 Vedtak:

Rådet sender inn innspel til budsjettsaka:

Svelgen oppvekst er ikkje universelt utforma slik det er no. Dersom det skjer ei ulykke, og ein elev eller tilsett treng rullestol, så vil dei ikkje kunne bruke skulen.

Det nedskalerte forslaget vil ikkje vere godt nok universelt utforma som eit totalt bygg.

Dersom vi ikkje får opp eit totalt bygg som er godt nok, er det viktig at møblering vesentleg post som må på budsjettet, slik at ein får tilrettelagt for alle grupper.

God møblering vil og gjere noko med innkludering, slik at dei som treng tilrettelegging kan få det i klasserommet i staden for på eige grupperom.

029/25: Gjennomgang av pågåande saker

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 16.12.2025:

Handsaming:

Gjennomgang av saker som er pågåande.

1. Trappeheis ved Bremangerhallen har vore ute av drift over lang tid. Status på reparasjon?
2. HC-parkering ved Svelgen omsorgssenter. Er den stor nok ifht lovkrava?
3. Praksis ved permisjon utan løn ved opphald på treningssenter/rehabiliteringssenter.

4. Praksis ved permisjon for elevane - det vert praktisert ulikt i kommunen. Vi inviterer Gro til eit møte for å snakke om praksisen.

RMNF- 029/25 Vedtak:
Vi arbeider vidare med sakene.